

SIM nytt

1/2013

APRIL • ÅRGANG 20



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Rett frå dunken

Hyttekonteinar for hyttefolk!

Fastbuande og dei som driv med utleiehytter/leiligheter skal ikkje nytta hyttekonteinaren.

Syt for at du plasserer boset inni hyttekonteinaren og ikkje på utsida. Bos på utsida av konteinaren treng ikkje bety at den er full. Ofte skuldast det at folk ikkje tek seg bryet med å kasta avfallet inn i innkastluka. Og er det først kome bos på utsida, kjem det gjerne meir. Grunnen til at innkastlukene er så små, er at det ikkje skal vera råd å kasta større gjenstandar i konteinarane.

Vår og ryddetid

Gjer som ungdommane på Bømlo, rydd ei strand nær deg. Eller kanskje du får med deg naboane på rydding i nærområdet? Då kan de kontakta SIM for å få sekker til å samla boset i. Les meir om SIM sine ryddeaksjonar på s. 2 og 3, eller bruk vår nettstad; www.sim.as. Du kan kontakta SIM på telefon 53 45 78 50 for meir informasjon





Ungdommar rydda strand

18 sekker med boss vart resultatet av ungdommane ved Kimen ungdomsklubb sin innsats våren 2012.

Då rydda dei bos i Skjeparvika på Bømlo. I tillegg laga dei flotte «bostroll» av det dei fann. Våren er ryddetid og mange vellag, burettslag og andre er i gong med å rydda nærområdet sitt. Ryddeaksjonen går rett nok føre seg heile året, ikkje berre nokre veker om våren, men dei fleste ynskjer å vera med på denne tida av året. Avfallet som vert samla inn må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar. Der kan det leverast kostnadsfritt.

Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag og andre grupper av frivilljuge som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova (sjå slutten av artikkelen).

Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemder
- Arrangør av tilstelling

Døme på område som kan ryddast

- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Skogsteigar
- Strender som kommunen ikkje har ryddeavtale for

Korleis melda seg på?

Bruk påmeldingsskjemaet på www.sim.as (klikk på "Privat" og vel deretter "Ryddesaksjon (årleg)").

Kva skjer etter at søknaden er sendt?

SIM avgjer om tiltaket er innanfor føremålet til ryddeaksjonen. Dersom det er det, sender SIM sekker til den som er ansvarleg for tiltaket. Dette er spesielle sekker som berre kan nyttast i ryddeaksjonen.

Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall. Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå www.sim.as for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.

Kan skular og barnehagar vera med?

Nei. Skular og barnehagar er kommunale einingar og fell utanom ordninga. Men SIM kan vera med og diskutera løysingar for desse, og andre som vil rydda rundt anlegga sine, eller gjera ein ryddejobb for næringslivet.

Ungdommar frå Kimen ungdomsklubb var i fjor med på SIM sin ryddeaksjon

Er det råd å få betaling for å rydda?

Nei. SIM sitt bidrag er å ta imot avfallet og dekke kostnadene med etterbehandling av det.

Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlinga. Lova slår vidare fast at det er *vegeigar* som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv *daglegvarehandel*, *kiosk*, *bensinstasjon* eller liknande skal setja opp boskorgar på sitt område, sørge for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. *Arrangør av tilstelling eller stemne* skal sørge for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigarar/etatar har ansvar for det, skal *kommunen* setja opp boskorgar på utfartsstader og andre offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømme dei og sørge for at området er ryddig.

Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, ta kontakt med SIM.

Rydd Sunnhordland

Parallelt med den årlege ryddeaksjonen går «Rydd Sunnhordland», som er eit litt «annleis» ryddetiltak.

I «Rydd Sunnhordland» ber SIM folk *melda* frå om område som er forsøpla og treng rydding. SIM vil deretter prøve å finna ut kven som «eig» boset, hjelpe vedkomande i gang med ryddinga og prøve å finna gode løysingar for avfallsleveringa. Døme på område me ynskjer melding om, er villfyllingar i skog og mark, bilvrak og strender.

Ryddeaksjonen «Rydd Sunnhordland» har resultert i opprydding mange stader.

Dunkbyte kan ta fem veker

Det kan ta opptil fem veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM køyrer «oppsamlingsheat» med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar femte veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å venta på dunken, kan du ordne dette sjølv på miljøsentralen. I så fall må du melda frå til SIM på førehand.

Sju miljøsentralar

Miljøsentralen er ein populær stad for mange no når våren er her. Det skal ryddast og det skal kastast. SIM har miljøsentralar i alle dei sju eigarkommunane, Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. På miljøsentralen kan du kvitta deg med avfall som du ikkje får plass til i bosdunken, eller som du ikkje har lov å kasta der.

I tillegg kan du kjøpa kompostjord og plenblanding ved alle SIM sine miljøsentralar. Les meir om dette tilbodet på s. 4. Produkta er framifrå som jordforbetningsmiddel eller topplag på grasplenar og i bed.



Meld frå om manglande tømning

Det hender at bosbilen køyrer forbi utan å tømme. I slike tilfelle ynskjer me å få melding så snart som råd. Det er enklare å ordne tømning når bosbilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute.

Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2013 skal dei møtast fredag 26.april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

Dunken ut til kl. 06.00

Bosdunken må vera på hentestaden kl. 06.00 på tømmedagen for at du skal vera sikker på å få den tømt. Rutene som bosbilen køyrer kan verta endra utan førehandsvarsel, og dermed kan du vera ein av dei som får tidlegare tømning enn vanleg.



Kompostjord og plenblanding til hagen

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar. For større mengder kostar det kr. 300 per tonn. Kunden må sjølv ha med tilhengjar eller anna transportmiddel. I Svartasmoget, på Heiane og Husnes er det råd å få hjelp til å lessa på tilhengjaren. Dette kostar kr. 75.



SIM har for sal framifrå kompostjord og plenblanding på alle sine miljøsentralar.

Har du rett abonnement?

SIM har ei fleksibel renovasjonsordning. Du kan tilpassa abonnementet til ditt behov; anten ved å bestilla oftare tømning av restavfall, be om større/mindre bosdunk, dela dunkar med andre eller kompostera heime. Du kan også sortera ut plastemballasje og glas- og metallemballasje og kostnadsfritt levera dette til miljøsentral/returpunkt.

Bruk innerpose i biodunken

Å ha ein innerpose av mais i biodunken, vil motverka problema med flugemakk sommarsdagen. Maisposane kan kjøpast i daglegvarehandelen eller hjå SIM og kan kastast i lag med bioavfallet. Godt reinhald av dunken med spyling etter kvar tømning vil også motverka flugemakken. Biodunken bør stå i skuggen, og bioposane lukkast godt igjen.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

KVINNHERRAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00–18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00–13.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–fredag kl. 10.00–18.00

Laurdag kl. 10.00–14.00

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

